

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.01. 2015
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Serigstad
SAKA GJELD: Meld. St. 11 (2014-2015) «Kvalitet og pasientsikkerhet 2013»

ARKIVSAK: 2015/1307/
STYRESAK: 014/15

STYREMØTE: 04.02. 2015

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tar saka til orientering.

Oppsummering

Regjeringa la i desember 2014 fram den første årlege meldinga om kvalitet og pasienttryggleik, Meld. St. 11 (2014-2015) Kvalitet og pasientsikkerhet 2013. Stortingsmeldinga gir ei overordna skildring av status og utfordringar for kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenesta i 2013.

Fakta

Regjeringa la i desember 2014 fram den første årlege meldinga om kvalitet og pasienttryggleik, Meld. St. 11 (2014-2015) Kvalitet og pasientsikkerhet 2013. Stortingsmeldinga gir ei overordna skildring av status og utfordringar for kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenesta i 2013.

Som grunnlag for meldinga er det henta informasjon frå pasient- og brukaromboda, Statens helsetilsyn og Norsk pasientskadeerstatning sine årsrapportar for 2013. Andre kjelder er Kunnskapscenteret si meldeordning, sluttrapporten frå den nasjonale pasientsikkerheitskampanjen og nasjonale og internasjonale kvalitetsindikatorar.

Meldinga viser gjennomgåande utfordringar i helse- og omsorgstenesta. Kommunikasjon, samhandling, pasientskadar og leing er utfordringar som fleire av kjeldene peikar på.

Stortingsmeldinga lanserer ikkje nye tiltak. Det pågår allereie eit omfattande arbeid for å sikre betre kvalitet og tryggleik i helsetenestene, både på nasjonalt nivå, kommunalt nivå og i helseføretaka. I Helse Vest er dette arbeidet organisert i Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018.

Vedlegg

Meld. St. 11 (2014-2015) Kvalitet og pasientsikkerhet 2013